


N LEIRVIK GARD - MELAND GOLF

På siste halvdel av 1990-talet vart det gjennomført omfattande arkeologiske undersøkingar på Leirvik, med bakgrunn i etableringa av golfbanen. Funnstadane var i hovudsak langs dei gamle strandlinene, og viser kor sentral tilknytninga til sjøen var òg i tidlegare tider.

Garden Leirvik er nemnd i Bergens kalvskinn frå kring 1350, og det er funne spor etter menneskeleg aktivitet tilbake til eldre steinalder. Den eldre gardsbusetnaden har truleg vore lokalisert inst i vika, i området der tunet òg ligg i dag. Garden var i drift som husmorskule frå 1908 til 1992. Meland Golf og Naturpark opna i 1999.

Denne tavla viser mellom anna ei oversikt over dei ulike funnlokalitetane og korleis strandlina var på den tida.




GB LEIRVIK - MELAND GOLF

In the late 1990s large-scale archaeological excavations took place in the area that now constitutes Meland golf course.

The archaeological localities were found along the former shoreline, and show settlement from the Early Stone Age through the Late Iron Age. The main map shows earlier sea levels, and Stone Age settlements are often found in the immediate vicinity to the fjords. The earliest historical mention of the farm Leirvik is from around 1350 AD, and the area has been continuously inhabited for more than 10 000 years.



DATERING

Arkeologar brukar fleire metodar for å datere funn og lokalitetar. Vi veit til dømes kva type pilspissar dei laga i yngre steinalder, så desse er svært forskjellige frå piler i eldre steinalder. I tillegg kan vi sende inn bålrestar til karbondatering. Denne metoden måler kor lenge det er sidan ein organisme, til dømes eit tre, døydd. Alt levande liv får i seg noko vi kallar karbonisotop, C14, men når organismen dør, så sluttar han å ta opp dette stoffet. Stoffet forsvinn ikkje ut av treet med ein gong, men gradvis. Om ein måler kor mykje C14 det er igjen i ei trestamme, kan ein finne ut kor lenge det er sidan treet slutta å leve.



HAVNIVÅ OG LANDHEVING

Under siste istid dekte ein enorm isbre heile Skandinavia. Vekta av denne isen pressa landet ned i havet. Då isida var over og isen starta å smelte vart presset mindre og landet steig sakte opp av havet. For ca. 7 000 år sidan stoppa denne prosessen opp, og her i Leirvik vart havet ståande ca. 13 meter høgare før det tok til å søkkje att. Folk i steinalderen budde tett på havet, og denne pausen i landhevinga gjer at ein finn svært mange steinalderbuplassar mellom 6 og 13 meter over havet.



POLLEN

Alla plantar og blomar har ørsmå pollen, som vert til nye vekstar. Om våren kan du sjå heile skyer med pollen som vert førte med vinden. Pollen kan ligge i jorda i tusenvis av år utan å bli øydelagd. Botanikarar kan derfor sjå kva som har vaksne på ein stad til ulike tider, og finne informasjon om når eit område vart rydda for tre eller det første jordbruket starta på ein stad.



STEINALDER / LOK 27

På vestsida av Leirvika, ut mot Ospneset, vart det funne ein buplass frå yngre steinalder, med mellom anna restar etter eit ovalt hus på ca. 2,6m x 1,6m i diameter – i alt kring 16 kvadratmeter stort. På austsida av hustufta låg det ein fin opparbeidd steinmur, mens det på vestsida var spor etter ein treveg med staur. Huset hadde elles ei naturleg avgrensing mot nokre bergknauer. Inngangen til huset låg vendt vekk frå sjøen og i ly for vinden, men med god tilgang til sjøen. Inni huset fann ein eit mørkt humushaldig organisk jordlag – eit kulturlag. Slike lag er i arkeologien nemning på jordlag der ein finn spor etter menneskeleg aktivitet.

På innsida av huset vart det funne ei mengde avfall, pilspissar og keramikk. I tillegg vart det funne svært mange avslag og nokre kjerner. Dette er naturlege rester etter produksjon av steinreiskapar, og vart ofte tilverka vidare.

Lok 27 hadde to fasar, den første inneheldt huset og nesten 6 500 funn, med datering frå mellom 3 100 og 3 400 år f.Kr. Plassen har og vore nytta i ein seinare fase, ca. 2 000 år f.Kr. Frå denne tida fann ein nesten 500 gjenstandar, mellom anna ein dølk.

Yngre steinalder, eller neolitikum, var tida då jordbruket vart tatt opp i Noreg. Folket som levde langs kysten var kjente truleg til jordbruks-samfunn gjennom lenger tid, utan å gå vekk frå fangstøkonomien med det første. Ein kjener ikkje årsaken til at dette tok tid, men truleg hadde fangstfolka eit relativt godt liv med gode matkjelder og såg kanskje ikkje behovet for noko anna. Men etter dei første spora etter jordbruk dukka opp i Noreg, for kring 4 400 år sida, gjekk overgangen likevel fort.



JARNALDER

Jernalderen er ei overordna nemning på perioden frå ca. 500 f.Kr. til 1050 e.Kr. I denne perioden tok jarn over for stein som bruksmateriale for tilverking av reiskapar og våpen. Sjølv om jordbruket var godt etablert frå tidlegare, var det først i dei første hundreåra etter Kristus at meir permanente gardar oppstod.


Desse hadde faste åkrar, tun og inngjerdingar. Folk budde i langhus, anten med fjas i den eine delen eller som separate bygg. I tillegg hadde dei verkstadar, begardar, lagerbygg og mindre bustadhus. I dag finn vi spor etter desse husa og verksemda på garden i form av mellom anna stolpehol, kolgroper, ardspr og eldstadar.

Fløksand er nabogarden like aust for Leirvik. I 1864 fann ein ei flott leirkrukke i eit lite gravkammer midt på garden. I krukka vart det seinare oppdaga to delar av ein liten beinkniv, eller kjøtskraper, med runeinskripsjonen lin-alaukaRa. Dette tyder lin og lauk, mens den siste a-en truleg er frå au, som tyder ol. Øl hadde ei viktig rolle i gamal kultpraksis, mens

lin og lauk gjerne har samanheng med falloskultus. I sagaene kan vi lese at fallosen vart lagt i lauk og bunden om av lin, slik at han heldt seg betre. Kniven viser derfor spor etter gamal tru og magi.

Her på Leirvik er det registrert gravrøysar frå eldre jernalder, med funn av bronsespenne, leirkrukke og sverd. Under utgravingane fann ein fleire stolpehol og ein eldstad datert til førromersk jernalder på lok 22.

Lok 24 er ein heller med datering frå eldre steinalder og opp til tidleg vikingtid. Hellerar har vorte nytta til busetting og verksemd heilt opp til nyare tid. Dei er ofte heilt tørre innafor dråpefallet og gir god ly for vind og vær. Inni helleren sette folk gjerne opp små bygg og skjul, og dei hellerane der menneske har oppheldt seg og hatt sitt erverv ligg ofte i nærleiken til sjø eller godt oppe i utmarka. I dag vert hellerar ofte nytta som skjul for beitedyr og oppbevaring av utstyr.



Illustrasjon: Meland kommune, kultur
Foto: LIB Universitetsmuseet
Tekst og grafisk formgeving: Meland kommune, kultur
Takk til Meland Golf og Naturpark